

På bakgrunn av klimaavtalen mellom Staten og landbruket og Landbrukets Klimaplan, har Partnerskapen og faglaga i Vestland etablert eit treårig prosjekt der hovudmålet er å gjere vestlandsjordbruket til ein klimaspydspiss i nasjonal samanheng. Prosjektet heiter «Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket». Prosjekteigar er Vestland Landbruksråd, og eit samla landbruk støttar prosjektet. Det er tilsett ein klimakoordinator som skal koordinere klimaarbeidet som rettar seg mot bonden og gardsdrifta. Dette innspelet er basert på erfaringar og tilbakemeldingar frå både forprosjektet og hovudprosjektet så langt.

I Vestland fylke er det per mars 2021 5892 landbruksforetak. Av desse er 5059 husdyrbruk. 1214 føretak driv med mjølkeproduksjon, 3536 føretak med sau og 590 føretak driv annan storfekjøttproduksjon.

At klimaet er i endring merkar ein i heile landet, og kanskje særskilt på Vestlandet. Utfordrande hauste- og beitetilhøve grunna mykje og langvarig nedbør, lengre tørkeperiodar, ras og flaum som kjem oftare og sterkare enn før. Jordbruket i Vestland har mange utfordringar. Jordbruksarealet i Vestland vert i hovudsak nytta til grasproduksjon og beite for husdyrproduksjon på fleirmaga dyr. Arealbruken i fylket har endra seg over tid. Det fulldyrka arealet går til dels over til overflatedyrka eng og beite, men det totale jordbruksarealet går òg ned. Mange av gardsbruka har bratte og små teigar og ofte er jorda tungdriven. Klimaet kan vere vanskeleg, og ettersom veret vert våtare og villare, får vestlandsbonden fleire ulempe. Få bruk har tilgang til nok god landbruksjord til å verte store og konkurrere i kvantitet med bruk i andre deler av landet der klima og driftsforhold er betre.

Ein av hovudsatsingane i Landbrukets Klimaplan er Klimakalkulator og klimarådgjeving på gardsnivå. Per 10.mars 2022 har Vestland fylke den lågaste delen av innloggingar i klimakalkulatoren, sett opp mot mottakarar av produksjonstilskot. Det er fleire grunnar til dette, mellom anna at Vestland relativt sett har mindre brukseiningar enn andre delar av landet. Mange av bøndene i Vestland har arbeid utanom bruket. Vestland har mange sauebruk og frukt-, bær- og grøntprodusentar, og desse er enno ikkje innlemma i klimakalkulatoren. Lønnsemda er lav, noko vi ser igjen i manglande søknad om investeringsverkemiddel og tilskot til t.d. grøfting. Ein spreidd bruksstruktur med små teigar gjer at mange bønder ikkje finn landbruksentreprenørar som er villig til å ta oppdrag hos dei, noko som igjen går ut over effektivitet og lønsemda på det enkelte bruk.

I Regjeringa sitt budsjettforlik med SV står det *«Tiltak skal innrettes slik at det gir bønder med ulike driftsstørrelser og driftsformer i alle deler av landet reell mulighet til å motta midler til klimatiltak på sin gård. Det skal som en del av utredningen vurderes om noen av dagens virkemidler kan legges inn under Bionova. Bionova finansieres utenfor jordbruksforhandlingene, og vil være et viktig virkemiddel for at jordbruket skal nå sine klimamål.»*

Mange bønder kjenner at dei allereie står i ei pressa situasjon, der lav lønsemd og høgt arbeidstrykk pregar dagane. Bergens Tidende laga 7. februar ei sak om den unge bonden Asgeir Presttun frå Osterøy:

[Få bønder ber om klimaråd: – Ingen bønder som har råd til å vera trendy i dag \(bt.no\)](#)

Eit utdrag frå saka skildrar situasjonen godt: *«Sjølve rådgivinga kostar nokre tusen kroner, men dei konkrete klimaråda ein får vil i mange tilfelle vera lønsame over tid, ifølgje NLR. Men det kostar også å investera i klimatiltaka.*

*– Mange veit kva dei gjer gale, men føler dei ikkje kan gjera noko med det. Folk har ikkje det overskotet dei skulle hatt til å ta i mot nye løysingar, seier Presttun, som også er leiar i Osterøy bondelag.»*

Kjerneoppgåver:

Når det gjeld kva kjerneoppgåver Bionova bør ha, meiner prosjektet at oppgåvene kan delast i to. Ein del må rette seg direkte mot bonden, mot klimatiltak i drifta på den einskilde gard, den andre delen må syte for at nye, generiske tiltak, som tilsetningar i fôr og nytt avlsmateriale, vert tilgjengeleg for alle bønder ved å dekke auka driftskostnader knytt til desse tiltaka.

Utfordringar som ikkje vert løyst i dag:

Om klimarådgjeving og klimatiltak på gardsnivå skal gripe om seg i Vestland, må det sterke incentiv til. Ein del bønder gjev tilbakemelding om at dei ikkje har samvit til å få utarbeidd klimahandlingsplan då dei veit at dei ikkje har økonomi til å kunne utføre tiltaka i planen. Bionova bør verte innretta slik at eit landbruksføretak som har tatt klimakalkulator og fått laga klimahandlingsplan, kan søkje om midlar som utløyser eit av tiltaka i klimahandlingsplanen. I ein del tilfelle ser ein at enkle grep, som meir kalking av jorda, slangespreiarutstyr til husdyrgjødsel, eller seksjonsspreiar til handelsgjødsel vil redusere utsleppa frå den einskilde gard mykje. I ein pressa økonomisk situasjon har ikkje bonden moglegheit til å prioritere slike tiltak og investeringar. Sidan det er eit uttalt mål at bønder med ulik driftsstorleik og driftsformer skal ha reell moglegheit til å mota midlar til klimatiltak, meiner prosjektet at det bør vere mogleg å søkje om tilskot òg til mindre investeringar og tiltak. Dette vil lyfte heile landbruksnæringa eit hakk høgare på klimatiltaksstigen.

Bionova bør òg vere ein kjelde til finansiering av klimarettatiltak på gardsnivå som har klimagevinst for samfunnet, men som ikkje er kostnadseffektivt for bonden i gardsdrifta. Det kan vere solcellepanel, vindturbin eller liknande. Det er avgjerande at slik støtte er føreseieleg og mogleg å søkje om sjølv etter at teknologien har blitt hyllevare og fått fotfeste innan næringa.

I dag ligg tilskot til klimarådgjeving i Regionale miljøtilskot (RMP). Dette gjer at bonden må forskottere kostnaden for rådgjeving i lang tid. Prosjektet meiner det vil vere meir føremålstenleg å flytte utbetalinga av tilskotet til Bionova, og leggje til rette for løypande utbetaling.

Organisering og brukarvennlegheit:

Innovasjon Norge er tett på landbruksnæringa over heile landet. Dei samhandlar tett med både faglag og offentleg forvaltning gjennom de regionale partnerskapane i fylka. Klimaprojektet meiner det vil vere føremålstenleg å organisere Bionova under Innovasjon Norge sine regionale avdelingar.

Klimakalkulator og klimahandlingsplan bør ligge til grunn for å vere søkedyktig i Bionova. På denne måten får både bonden og samfunnet oversikt over kva tiltak det er trong for, og ein er trygg på at tiltaka som vert støtta har klimaeffekt. Det vil òg kunne forenkle søknadsprosessen og saksbehandlinga. Løypande saksbehandling og utbetaling vil truleg vere ein føresetnad for at midlande vert omsøkte.

For klimaprojektet

«Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket»

Frøydis Haugen

Prosjektleiar